



Time kommune

Jobbnorge ID: 233248

Deadline: 10/31/2022

Website: <http://www.mercuriurval.com>

Scope: Fulltime

Duration: Permanent

Om Time kommune

"Me skal gjera kvarandre gode" er leveregelen for oss som jobbar i Time kommune.

Me bruker innovasjon for å utvikla og forbetra tenestene i lag med brukarane. Time kommune skal vera ein trygg og framtidsretta kommune for innbyggjarar, besøkande og næringsliv. Time kommune har ca. 18 900 innbyggjarar og ligg midt på Jæren, med Bryne som regionsenter og haldeplass for Jærbanen.

Det er eit variert næringsliv, med flest sysselsette innan industri, varehandel, hotell og restaurant. Med plassering midt i matfatet på Jæren er kommunen også ein viktig jordbrukskommune.

Me søker ein løysningsorientert og samlande leiar som vil vere sentral i den vidare utviklinga i Time kommune

Plan- og forvaltningssjef

Me søker

Me søker ein løysningsorientert og samlande leiar som vil vere sentral i den vidare utviklinga av verksemdsområdet plan og forvaltning i Time kommune. Time kommune er ein kommune i vekst og med Bryne som regionsenter for Jæren. Utvikling av Bryne som by og regionsenter, saman med utvikling av industri og landbruksnæring vil vera sentrale arbeidsoppgåver.

Plan- og forvaltningssjef

Plan- og forvaltningssjef er administrativ leiar for verksemdsområdet som består av avdelingane plan, byggesak, geodata og landbruk. Verksemdsområdet har 20 årsverk. Plan- og forvaltningssjef vil få ansvaret med å sørge for god og effektiv drift av det samla verksemdsområdet innanfor kommunale planer, budsjett og gjeldene lov- og regelverk. Plan- og forvaltningssjef inngår i kommunalsjef Samfunn si leiargruppe, og tenesteområdet Samfunn består av verksemdene eigedom, plan og forvaltning, kommunalteknikk og kultur.

Sentrale arbeidsoppgåver

- Vere ein pådrivar for ei samfunnsretta utvikling av verksemdsområdet og bidra aktivt inn i overordna planarbeid innanfor tenesteområdet
- Overordna fagleg ansvar for forvaltningsoppgåver knytt til plan- og bygningslova og andre lover, vera eit bindeledd mot overordna styremakt
- Utgreiingsoppgåver og utarbeiding av politiske saker knytt til samfunnsutvikling
- Utvikling av verksemdsområdet for å sikre god forvaltning, ressursbruk og innbyggjardialog
- Personal-, budsjett- og økonomiansvar
- Leggje til rette for og utvikle samarbeid internt og eksternt / god dialog med eksterne parter
- Leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø

Kvalifikasjoner

Vår nye plan- og forvaltningssjef må vera ein samfunnsengasjert og motiverande leiar som har god gjennomføringskraft. Me søker ein tillitsskapande og involverande leiar som legg vekt på god dialog med politikarar, administrasjon og samarbeidspartnarar. Du har eit sterkt engasjement for utvikling og samarbeid, og er ein lagbyggjar med god kommunikasjonsevner. Du har sterk fagleg integritet og er systematisk og strukturert i din arbeidsstil. Du har relevant høgare utdanning frå universitet eller høgskule, minimum bachelorgrad og kan vise til relevant leiarefaring. Du har god kjennskap til offentleg forvaltning og relevant lovverk, god forståing for ansvarsområdet og god økonomisk innsikt. Kjennskap til samspelet mellom politikk og administrasjon er ein føresetnad.

Me tilbyr

- Ei spanande leiarstilling med utfordrande, varierte og utviklande leiaroppgåver i ein organisasjon med engasjerte medarbeidarar
- Deltaking i kommunen sitt leiarprogram og nettverk
- Godt tverrfagleg arbeidsmiljø
- Lønn etter avtale samt gode forsikrings- og pensjonsordningar

- Fleksibel arbeidstid

Spørsmål om stillinga

Spørsmål om stillinga kan rettast til **MU v/Silje Bolset tlf. 975 59 049**. Du kan og kontakte **kommunalsjef Anne-Kristin Gangenes tlf. 990 99 353**.

Søk på stillinga snarast, og seinast innan 31.10.2022. All uformell kontakt med Mercuri Urval vert handsama konfidensielt, om ynskjeleg også overfor oppdragsgivar.

Det vil bli utarbeida offentleg søkarliste. Det vert vist til offentleglova§ 25, andre ledd med omsyn til å bli unnateke off.søkarliste.

Additional information

Place of service:

Bryne